



HARAM KOMMUNE
HARAM FOLKEBIBLIOTEK
POSTBOKS 110
6282 BRATTVÅG
TEL 70 21 44 63
bib@haram.folkebibl.no
www.haram.folkebibl.no

Kulturdepartementet

D. ref 11/763 NBA:amb

HØYRINGSSVAR FRÅ HARAM KOMMUNE OM ENDRINGAR OM LOV OM FOLKEBIBLIOTEK

Generell kommentar

Lovforslaget ryddar i formuleringar og oppdaterer den noverande teksten i forhold til dagens praksis og til dei kommunale sjølvstyreverdiane.

Ein saknar ein del presiseringar i forslaget.

Kapittel I Folkebiblioteka sitt føremål og verksemd

§1 Målsetting

Paragrafen som er foreslått reflekterer aktiviteten som i varierende grad allereie finn stad i folkebiblioteka. Han er ei god presisering av målsettingane.

Folkebiblioteka er allereie eit ledd i eit nasjonalt system. Det er ønskjeleg at denne målsettinga vert presisert nærmare i resten av lovforslaget for å gjere systemet meir effektivt.

§2 Verknadsområde

Ein ønskjer å halde på nemninga fylkesbibliotek. Det er ei tydeleg nemning på ansvarsområdet. Det har ikkje innverknad på sjølvstyreverdiane om den blir fjerna. Fylkesbiblioteka er i ein krevjande fase i forhold til den generelle utviklinga, og ein endringsprosess no kan gå ut over denne innsatsen.

'Særlige bibliotekformål' er eit viktig ansvarsområde for staten, men for kommunane er det avgjerande at staten koordinerer det nasjonale systemet, j.fr. §1, med mindre fylkesbiblioteka i fellesskap skal gjere det.

§3 Lånesamarbeid, registrering m.v.

Vi støttar endringsforslaget når det gjeld første setninga. I andre setninga vil vi foreslå at departementet gir forskrifter. Fjernlån er eit eksempel på eit område der det er behov for tydelege og framtidsretta forskrifter, for trykt og digitalt materiell..

Kapittel II Kommunale bibliotek

§4 Generelt

Vi er samde i endringsforslaget. For å unngå store variasjonar mellom biblioteka som utgjer eit nasjonalt system, bør staten framleis tilby kommunane rettleiande retningslinjer.

§5 Personale

Vi støttar alternativ 1. Ein føresetnad bør vere at fagutdanninga omfamnar leiling. Ein annan føresetnad, med tanke på rekruttering, bør vere at ein opnar for desentraliserte fagutdanningar på lågare og høgare grad. Haram er ein kommune med mange studentar som bur heime og studerer desentralisert. Vi støtter alternativ 2 dersom det ikkje er rom for desse føresetnadane.

Utgåande §6 Samarbeid med skulane

Vi ser at kravet til eit organisert samarbeid med grunnskuletenester fell vekk. Det støttar vi. Samarbeidet blir i realitet organisert i kommunane gjennom enkelttiltak, t.d. ulike typar samarbeid med dei enkelte skulane, skuletilsette og skulegrupper. Som barn og ungdom, blir den enkelte eleven sine interesser ivaretekne i §1.

Vi reknar med at skulebiblioteka blir ivareteken i andre lover.

Kapittel III Fylkeskommunen sine bibliotekoppgåver

§6 Generelt

Vi vil tilrå at dei skisserte oppgåvene framleis vert ivaretekne av eit fylkesbibliotek. Vi vil i tillegg foreslå at fylkesbiblioteka i fellesskap får tildelt ansvar for eit nasjonalt biblioteksystem i samarbeid med staten.

§7 Kompetanse

Vi støttar forslaget, men tilrår at kompetansen ligg i fylkesbiblioteket og koordinerast gjennom fylkesbiblioteka i fellesskap.

Kapittel IV Statlege oppgåver

§8 Statlege bibliotekoppgåver

Vi støttar forslaget. Bibliotekoppgåver på statleg nivå bør vere ivaretekne i samarbeid med fylkesbiblioteka i fellesskap, j.fr. målsettingar om eit nasjonalt system i §1.

Med tanke på styring og samspel mellom stat og kommune om målsettinga om eit nasjonalt biblioteksystem, vil vi tilrå at staten vert pålagt å utarbeide relevante retningslinjer, i samarbeid med både fylkesbiblioteka og folkebiblioteka.

§9 Særlege bibliotekføremål

Vi støtter forslaget.

Vennleg helsing

David Beadle
Biblioteksjef
8. juni 2012